



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# TILSYNSKALENDER

*for samordning av planlagde statlege tilsynsaktivitetar  
med kommunane/fylkeskommunane*

# PROSJEKTRAPPORT

*Oppdragsgivar*

*Kommunal- og moderniseringsdepartementet*

*Fylkesmannen i Møre og Romsdal*

*07.01.2020*

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

## Innhold

1	Samandrag.....	3
2	Bakgrunn .....	4
2.1	Kommunelova .....	4
3	Mandat, mål og rammer .....	5
3.1	Oppdrag.....	5
3.2	Mandat .....	5
3.3	Overordna mål.....	6
3.4	Mål.....	6
3.5	Målgruppe .....	6
4	Effekt- og gevinstmål.....	7
5	Prosjektprosess .....	7
5.1	Kommunikasjon og informasjon.....	9
5.2	Usikkerheitsanalyse.....	9
5.3	Avgrensingar.....	11
5.4	Sluttkriterier for prosjektet .....	11
5.5	Overføring til linjeorganisasjon / forvaltning: .....	11
6	Budsjett.....	12
7	Milepælsplan.....	13
7.1	Møter – samlingar gjennomført .....	13
7.2	Milepælar gjennomført .....	13
8	VEDLEGG.....	14
8.1	Rekneskap.....	14
8.2	Medverknad i prosjektet .....	14

## 1 Samandrag

Prosjektet har utvikla ein samordningskalender for fylkesmannsembeta, andre statlege tilsynsaktørar, kontrollutvalssekretariat og kommunane/fylkeskommunane. Vi har kalla denne samordningskalenderen for **TILSYNSKALENDER**. Som samordnar for statlege tilsyn med kommunane/fylkeskommunane blir det Fylkesmannen i kvart fylke som har ansvar for å administrere tilsynskalenderen.

Tilsynskalenderen er ei elektronisk løysing etter fastsette arbeidsprosessar som er linka til føljande adresse: <https://tilsynskalender.fylkesmannen.no>.

Løysinga for drift av tilsynskalenderen er klar og produksjonssett for fylkesmannsembeta og dei andre statlege tilsynsaktørane frå 1. jan. 2020. Den tekniske løysinga i tilsynskalenderen for å legge inn planar for forvaltningsrevisjonar/rapportar er ikkje produksjonssett enda. Denne løysinga vil vere på plass våren 2020. Dei statlege tilsynsetatane får med dette også oversikt over kommunane sine forvaltningsrevisjonar.

Tilsynskalenderen skal vere det viktigaste verktøyet i kommunikasjonen og informasjonen mellom statlege tilsynsaktørar, kontrollutvalssekretariat og kommunane/fylkeskommunane i samordninga av tilsyn. Tilsynskalenderen skal gje ei oversikt over dei samla statlege tilsyna med den enkelte kommune/fylkeskommune. Med dette verktøyet vil det bli lettare for Fylkesmannen å samordne alle statlege tilsyn. Samstundes vil det bli lettare for kommunane/fylkeskommunane å drøfte prioriteringar og gjennomføring av planlagde tilsyn med dei statlege tilsynsetatane.

Tilsynskalenderen er open for offentlegheita, men som brukar av tilsynskalenderen må ein ha ei rolle. Dei som får ei rolle i tilsynskalenderen er kommunane, fylkeskommunane, kontrollutvalssekretariata og statlege tilsyn saman med Fylkesmannen som samordnar av tilsyna.

Prosjektet har ikkje utvikla tekniske system for integrasjon til andre fagsystem. Det vil seie at alle aktørane må i oppstartsåret føre inn sine tilsynsplanar og rapportar i sine fagsystem - i tillegg til å legge dei inn i tilsynskalenderen. Det vil i 2020 bli starta opp eit nytt prosjekt som vil utgreie moglegheiter for integrasjonar til tilsynskalenderen, slik at aktørane kan legge inn sine planar og rapportar berre ein gong.

Prosjektet har heller ikkje sett på korleis det enkelte fylkesmannsembetet organiserer og administrerer drift av ny tilsynskalender.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal(FMMR) saman med Fylkesmennenes fellesadministrasjon(FMFA) har hatt hovudansvaret for utvikling av tilsynskalenderen på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet(KMD). KMD har også bidratt med juridisk kompetanse i prosjektet.

Det er FMFA som er driftsansvarleg for tilsynskalenderen. Teknisk brukarstøtte har FMFA ansvar for, fagleg og juridisk brukarstøtte har FMMR ansvar for.

KMD ønsker å følge samordning av tilsyn ute i embeta tett – og evaluering av tilsynskalenderen. Det blir lagt opp til eit tilsynsseminar tidleg på året i 2020. KMD vil sende ut brev med informasjon til alle aktørane når tilsynskalenderen lanserast medio januar 2020. Det vil også ligge informasjon om tilsynskalenderen på fylkesmannen.no og regjeringen.no. Nærare informasjon om dette kjem medio januar 2020.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Kommunelova

Vi viser til [kommunelova § 60e](#), og [ny kommunelov §§ 30-6 og 30-7](#), som er nærmere gjort greie for i [Prop 46 L \(2017-2018\)](#) kapittel 27.2, retningslinjer for fylkesmannen si samordning av statleg styring av kommunesektoren og til årlege tildelingsbrev frå KMD.

Ny kommunelov §§ 30-6 og 30-7 seier:

#### § 30-6. Samordning av statlige tilsynsmyndigheter

«Fylkesmannen samordner planlagte statlige tilsynsaktiviteter overfor kommunen og fylkeskommunen og vurderer det samlede omfanget av statlig tilsyn med den enkelte kommunen eller fylkeskommunen.

*Alle statlige tilsynsmyndigheter skal underrette Fylkesmannen om planer for tilsyn og om varsel om pålegg om retting eller andre reaksjoner som har vesentlige virkninger for kommunen eller fylkeskommunen. Fylkesmannen kan fastsette frister for når underretning om tilsynsplaner skal være sendt Fylkesmannen. Tilsynsmyndigheter som er utpekt som koordinerende myndighet for tilsyn, skal underrette Fylkesmannen om koordinerte tilsynsplaner.*

*Fylkesmannen skal formidle til andre tilsynsmyndigheter sin vurdering av situasjonen i enkeltkommuner og i fylkeskommunen.»*

#### § 30-7. Samordning mellom statlig tilsynsvirksomhet og kommuner eller fylkeskommuner

«Fylkesmannen skal drøfte med kommunene og fylkeskommunene prioritering og gjennomføring av planlagte tilsyn.

*Statlige tilsynsmyndigheter skal i sin planlegging, prioritering og gjennomføring av tilsyn ta hensyn til det samlede statlige tilsynet med den enkelte kommunen eller fylkeskommunen og til relevante forvaltningsrevisjonsrapporter. Tilsynsmyndighetene skal vurdere å utsette eller ikke gjennomføre tilsyn hvis kommunen eller fylkeskommunen nylig har gjennomført en kontroll med det samme temaet.*

*Før det eventuelt vedtas pålegg om retting eller andre reaksjoner med vesentlige virkninger for kommunen eller fylkeskommunen, skal tilsynsmyndigheten ha dialog med kommunen eller fylkeskommunen om slike pålegg eller reaksjoner og om kommunens eller fylkeskommunens oppfølging. Kommunen eller fylkeskommunen plikter å delta i dialogen.»*

## 3 Mandat, mål og rammer

### 3.1 Oppdrag

Prosjektet har utvikla ein samordningskalender for fylkesmannsembeta, andre statlege tilsynsaktørar, kontrollutvalssekretariat , fylkeskommunane og kommunane. Som samordnar for statlege kommuneretta tilsyn er det fylkesmannsembeta som har ansvar for drifta av tilsynskalenderen.

Prosjektet har:

- utarbeidd plandokument til prosjektet
- hatt regelmessige møter i styringsgruppa og prosjektgruppa
- vore open for innspel frå brukargruppene
- følgt framdriftsplanen
- teke tak i alle tilbakemeldingar der det har vore mogleg
- sikra nødvendig forankring i fylkesmannsembeta
- gjeve informasjon til brukargruppene

### 3.2 Mandat

Prosjektet skal levere ei elektronisk løysing av tilsynskalenderen etter fastsette arbeidsprosessar. Løysinga skal kunne nyttast på alle nettlesarar av nyare dato. Alle fylkesmannsembeta skal ta i bruk den nye tilsynskalenderen 1. jan. 2020. Løysinga vert pilotert i 2019.

Prosjektet har ansvar for å levere ei løysing for oppretting og vedlikehald av tilsynskalenderen i samsvar med prosjektplanen. Prosjektet skal tilby opplæring av superbrukarar i fylkesmannsembeta og statlege tilsyn som nyttar løysinga.

**Prosjektet har lagt til grunn at:**

- ID-porten<sup>1</sup> vert nytta som påloggingsløysing
- sluttproduktet skal være tiltalande og lesarvenleg
- drift av løysinga skal være kostnadseffektiv

**Prosjektet har lagt til rette for at løysinga:**

- skal gje ei oversikt over dei samla statlege tilsyna med den enkelte kommune
- kan gje Fylkesmannen moglekeit til å fastsette fristar for når underretning om tilsynsplanar skal være sendt til Fylkesmannen
- skal gjere det mogleg for statlege tilsynsetatar og kommunane/fylkeskommunane å ha dialog i planlegginga av aktuelle tilsynsdataar
- gje Fylkesmannen høve til å drøfte prioriteringar og gjennomføring av planlagde tilsyn med kommunane/fylkeskommunane
- skal vere brukarvenleg og ha låg brukarterskel, samt gode søkjefunksjonar
- kan legge ved dokument, som til dømes tilsynsrapportar
- kan legge til lenker
- skal være fleksibel og enkel å endre og å bygge ut ved endra tilhøve

---

<sup>1</sup> ID-porten er en felles innloggingsløsning til offentlige tjenester på internett. ID-porten gir tilgang til over 1000 tjenester fra offentlige virksomheter. For å få logge deg inn på tjenester fra stat og kommune på nett må du ha en elektronisk ID (e-ID). I ID-porten kan du velge mellom fem alternativer for elektronisk ID: MinID, BankID på mobil, BankID, Buypass eller Commfides. En elektronisk ID er viktig for å bekrefte at du er den du utgir deg for å være

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

### 3.3 Overordna mål

Samordning av statlege tilsyn skal bidra til at den lokale statsforvaltninga i fylket opptrer mest mogleg samla og einsarta i sitt arbeid med kommunane/fylkeskommunane.

Samordninga av tilsyn skal bidra til at:

- den samla tilsynsbelastninga på den enkelte kommune og fylke er realistisk og kjent
- statlege tilsynsmyndigheter kjenner til og er informert om kvarandre sine tilsyn
- ein kan lære av kvarandre sine tilsyn
- god dialog mellom statlege tilsyn og kontrollutvalssekretariata

### 3.4 Mål

Målet med tilsynskalenderen har vore å skape ei heilskapleg elektronisk løysing for samordning av statlege tilsyn i kommunane/fylkeskommunane etter styringskrav til fylkesmannsembeta frå KMD. Løysinga for drift av tilsynskalenderen er klar og produksjonssett for fylkesmannsembeta og dei andre statlege tilsynsaktørane frå 1. jan. 2020.

Tilsynskalenderen skal vere det viktigaste verktøyet i kommunikasjonen og informasjonen mellom statlege tilsynsaktørar, kontrollutvalssekretariat og kommunane/fylkeskommunane i samordninga av tilsyn.

### 3.5 Målgruppe

Tilsynskalenderen er eit offentleg dokument, og alle som ynskjer det kan følje med på tilsynsplana, og vil ha lesertilgang til tilsynsrapportar gjennom Fylkesmannen sine heimesider.

Det er lagt opp til at kommunar, kontrollutvalssekretariat, statlege tilsynsmyndigheter og Fylkesmannen kvar einskild skal søkje om rolle for å bruke tilsynskalenderen:

- **Kommunane/fylkeskommunane:** Dei får oversikt over planlagde statlege tilsyn og forvaltningsrevisionar ut i frå tilsynskalenderen, og som vil gje kommunedirektøren god oversikt i si leiing av kommunen. Kommunane/fylkeskommunane sin rolle i tilsynskalenderen gjer det mogleg å kommunisere om tidspunkta for, og om omfanget av, tilsyn.  
Tilsynskalenderen vil gje kommunestyra og kontrollutvala moglegheit til å ta ut tilsynsrapportar og statistikkar både om eigen kommune og andre kommunar sine tilsyn.
- **Kontrollutvalssekretariata:** Får tilbod om å legge inn sine planar og forvaltningsrapportar. Tilsynskalenderen skal gje dei god oversikt over kva slags statlege tilsyn som er planlagt og gjennomført i den einskilde kommunen, sjå kap. 1, 3. avsnitt.
- **Statlege tilsynsmyndigheter:** Statlege tilsyn, inklusiv Fylkesmannen, skal legge ut sine planlagde tilsyn, med etterfølgjande rapportar. Tilsynskalenderen skal gje dei god oversikt over andre statlege tilsynsetatar som planlegg tilsyn i den einskilde kommunen.
- **Fylkesmannen:** Fylkesmannen har samordnarolla. Fylkesmannen skal ut i frå denne rolla sjå til at den samla tilsynsbelastninga for den einskilde kommune ikkje blir for stor.  
Tilsynskalenderen skal gjere det enklare for Fylkesmannen å nå dei overordna måla for samordning av statlege kommuneretta tilsyn.

## 4 Effekt- og gevinstmål

### Effekt og gevinst

- Enklare å samordne dei statlege tilsyna
- Kommunane opplever betre samordning av statlege tilsyn og oversikt over forvaltningsrevisjonar
- Betre kvalitet på data
- Færre manuelle operasjonar
- Enklare samordningsprosess
- Auka sjølvbetjening
- Lettare å henta heile eller skreddarsydde rapportar, eks. utskrift til PDF
- Lære av kvarandre sine tilsyn

### Mål

- Tilsynskalenderen skal gi både kommunane/fylkeskommunane og statlege tilsynsaktørar ei god oversikt over planlagde og gjennomførte tilsyn
- Statlege tilsynsaktørar skal kunne vurdere tilsynsbelastninga til den einskilde kommune når ein planlegg tilsyn
- Statistikk over planlagde og gjennomførte tilsyn vil bli mogleg gjennom tilsynskalenderen
- Tilsynsaktørane kan samarbeide om felles tilsyn på dei ulike fagområda og kan lære av kvarandre

### I tillegg skal kommunane/fylkeskommunane og tilsynsaktørane kunne ta ut oversikt over

- tal på planlagde tilsyn pr. kommune og fylkeskommune
- tal på planlagde tilsyn pr. tilsynsetat
- tilsynsrapportar om kva for tilsyn som er gjennomført i ein kommune
- tilsynsrapportar over kva for tilsyn ein tilsynsetat har gjennomført
- moglegheit for rapportutval på datointervall og ulike år

## 5 Prosjektprosess

FMMR har i all hovudsak dekka prosjektleiing over driftsbudsjettet både i 2018 og 2019. Det er teke ut berre kr. 97 610,24 til prosjektleiing av prosjektmidlane. Det har vore i alt sju personar involvert i arbeidet frå FMMR, inklusiv prosjektleiar.

I etterkant ser ein at det er lagt inn for lite ressursar i prosjektet. I utgangspunktet skulle det vore definert ein stillingsressurs til prosjektleiing og arbeidet i prosjektet. Vidare har vi erfart at dei beste prosjektmøta har vore ved fysiske møter, ikkje ved skypemøter. I utgangspunktet var både arbeidsressurs og midlar til prosjektgruppa avsett for det meste til skypemøter.

Det kan vel og diskuterast om det ikkje har vore betre å starte med ein konseptfase til kartlegging – for så å gå over i ein prosjektfase.

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

Med brei involvering har vi fått verdifulle innspel som har gitt utviklarane i FMFA mykje meir arbeid enn vi kunne sjå for oss innleiingsvis. Ikkje alle innspela har prosjektet kunne gjere noko med ut i frå ressursar og mandat – men noko kan takast med over i neste prosjektfase, jf. kap. 1. avsnitt 6.

Vi har meirtimar til fysiske møter/kontaktpersonsamlingar – som vi meiner har vore heilt nødvendig for prosjektet. Prosjektet har difor underveis søkt om - og fått innvilga frå KMD kr. 200 000 i tillegg til opphaveleg budsjett.

Fylkesmannen i Agder og Møre og Romsdal har pilotert tilsynskalenderen. Det vil seie at vi har hatt dialog med utvalde kommunar, statlege tilsynsmyndigheter og kontrollutvalssekretariat for utprøving av tilsynskalenderen.

Bruken av ny tilsynskalender har i prosjektperioden ofte blitt relatert til eksisterande rutinar i fylkesmannsembeta – og det har skapt diskusjonar. Prosjektet har erfart at fylkesmannsembeta har ulike prosedyrar og rutinar for samordning av tilsyn. *Vi spør oss* -skal tilsynskalenderen tilpasse seg eksisterande rutinar i fylkesmannsembeta eller skal den føre til heilt nye rutinar for samordning av tilsyn? Det einskilde fylkesmannsembetet må finne ut av dette framover i det første driftsåret. KMD har i 2020 lagt opp til evalueringssamlingar av tilsynskalenderen for tilsette i fylkesmannsembeta – og desse samlingane vil også kunne gje viktig erfaringskunnskap til kvarandre med omsyn til arbeidet med samordning av tilsyn.

## Fristar

*Prosjektet vil kome med følgande råd:*

Skal tilsynskalenderen bli eit godt verktøy i samordning av statlege kommuneretta tilsyn vil det avhenge av fristar. Kommunane/fylkeskommunane vil først då kunne sjå ein heilskapleg plan for året når det gjeld planlagde statlege tilsyn for sin kommune:

- *Overordna statlege myndigheter:* Dei overordna statlege myndighetene må samordne seg i felles fristar når det gjeld planlagde tilsynsoppdrag dei gir til Fylkesmannen og statlege tilsynsmyndigheter.
- *Fylkesmannen:* Fylkesmannen blir samde med dei andre statlege tilsynsmyndighetene om felles fristar i tilsynskalenderen. Det bør frå 2021 bli einskaplege fristar som er lik for alle Fylkesmenn.
- *Kommunen:* Det blir sett fristar i tilsynskalenderen for å gje tilbakemelding på samordninga av dei statlege tilsyna.

## Kontrollutvalssekretariat

Kontrollutvalssekretariata har gjennom prosjektfasen kome med mange gode innspel, og prosjektet har valt å legge dei inn i tilsynskalenderen med eigen rolle.

Den tekniske løysinga i tilsynskalenderen for å legge inn planar for forvaltningsrevisjonar/rapportar er ikkje produksjonssett. Denne løysinga vil vere på plass våren 2020.

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

## 5.1 Kommunikasjon og informasjon

- KMD har forankra tilsynskalenderen i tildelingsbreva
- KMD har informert involverte departement og direktorat om tilsynskalenderen
- Fylkesmennene har informert kommunane på sine møtearenaer
- Styringsgruppe informert underveis
- Kontaktpersonar er valt i alle involverte embete og statlege tilsynsetatar
- Kontaktpersonar er valt hos FKT og NKRF
- Kontaktpersonsamlingar
- Informasjon på ulike konferansar og samlingar/møter
- Informasjonsbrosjyre
- Direktekontakt med ein skilde fylkesmannsembete og statlege tilsynsetatar

Det var lagt opp til bruk av sharepoint. Prosjektleiar og prosjektgruppa har ikkje følgt opp denne informasjonskanalen til styrings- og prosjektgruppe. Ved informasjon har det for det meste vore sendt e-post.

Prosjektet har ikkje hatt nok ressursar til å halde alle i målgruppa kontinuerleg orientert om utviklinga i prosjektet.

## 5.2 Usikkerheitsanalyse

Viser til innleinga til dette kapittelet, elles kort oppsummering i kulepunktene under av usikkerheitsanalysa:

- Det har vore mange endringar underveis som har skapt meir arbeid
- Ikkje godt nok samspel i prosjektgruppa pga for få fysiske møteplassar
- Ikkje nok ressursar til å møte utfordringane i prosjektet
- Tekniske utfordringar har vore forsøkt løyst etter kvart i prosjektet
- Kostnad i prosjektet blei vurdert underveis – søkt om å utvide budsjett
- Informasjon og kommunikasjon har ikkje vore optimal

*For sannsynlegheits- og konsekvensvurderingar nyttas skalaen 1-9, kor 1-3 svarar til liten, 4-6 svarar til medium og 7-9 er høgst truleg risiko.*

Nr	Risikomoment	Sannsyn (1-9)	Konsekv (1-9)	Kvalitetssikring / tiltak	Resultat (1-9)
1	<i>Prosjektet har ikkje eit klart definert felles mål og ambisjonsnivå</i>	3	7	<i>Hyppig dialog, regelmessige og planlagde møter i prosjektgruppe og styringsgruppe</i>	1-3
2	<i>Manglande styring og slutningar frå KMD/oppdragsgivar</i>	3	7	<i>Tydeleggjere kva val som må takast, kva konsekvensar det får og når vala må takast</i>	1-3

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

3	<i>Prosjektet har ikkje godt nok samspel med parallelle prosesser og prosjekter</i>	3	6	<i>Dialog med andre involverte partar langs med. Kartlegging av parallelle prosesser</i>	1-3
4	<i>Dårlege avgjerdsprosessar og unødvendige omkampar</i>	2	7	<i>Tydeleg prosjektleiing God dokumentasjon av vedtak</i>	4-6
5	<i>Ikkje god nok informasjon og kommunikasjon i prosjektet og frå prosjektet langs med</i>	2	6	<i>Regelmessig planlagde møter i prosjektgruppa og styringsgruppa.</i>	4-6
6	<i>Ikkje stram nok prosjektstyring</i>	2	7	<i>God styring og informasjon om prosjektet</i>	4-6
7	<i>Nøkkelpersonar i prosjektet er hardt belasta og har utfordringar med å få gjort sitt arbeid</i>	5	6	<i>Klare planer kor det tydeleg går fram kva slags aktivitetar som skal skje når og kva slags krav som stillast til desse</i>	4-6
8	<i>Prosjektarbeidet blir motarbeida som følgje av mangelfull involvering av tilsette i linja</i>	2	8	<i>Sikre brukarinvolvering</i>	4-6
9	<i>Endring i arbeidsmåte gjer det vanskeleg å oppnå mål for prosjektet i høve til førebels og endeleg styringsdokument</i>	5	8	<i>God styring og informasjon om prosjektet</i>	4-6
10	<i>Uklarheiter knytt til ansvarsdelinga i prosjektet</i>	4	5	<i>Klare planer kor det går fram tydeleg kva slags aktivitetar som skal skje når og kva slags krav som stilles til desse</i>	4-6
11	<i>Kompleksiteten i prosjektet er undervurdert</i>	3	6	<i>Sikre rett kompetanse.</i>	7-9
12	<i>Mangelfull kvalitet på sluttproduktet</i>	3	8	<i>Tydeleggjere krav i prosjektplanen med klare prioriteringar</i>	4-6
13	<i>Manglande evne til å tyda styringsfaglege problemstillingar til IKT løysingar</i>	2	8	<i>Systematisk gjennomgang av behov og tilbakelesing</i>	4-6

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

## 5.3 Avgrensingar

- Prosjektet har ikkje arbeidd med integrasjon til andre fagsystem
- Prosjektet har ikkje sett på korleis det enkelte fylkesmannsembetet kvitterer ut krava omkring samordning av statlege tilsyn retta mot kommunepliktene.
- Prosjektet har ikkje sett på korleis det enkelte fylkesmannsembetet organiserer og administrerer drift av ny tilsynskalender

## 5.4 Sluttkriterier for prosjektet

- Tilsynskalenderen er produksjonssett i samsvar med prosjektplanen
- Fylkesmannsembeta har fått ei ny løysing tilgjengeleg og opplæringsaktivitetar er gjennomført gjennom kontaktpersonsamlingar
- Andre statlege tilsyn har fått tilbod om ny løysing og kontaktpersonsamlingar
- Interessentane er informert og løysing tilgjengeleg for publikum
- Løysinga er dokumentert og prosjektet evaluert i piloteringsfasen

## 5.5 Overføring til linjeorganisasjon / forvaltning:

- Driftsansvaret for tilsynskalenderen blir overført til FMFA frå 1. januar 2020.

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

## 6 Budsjett

Budsjett for oppgåver som er knytt til utvikling av statleg tilsynskalender er lista opp i tabellen under. KMD har innvilga kr. 600 000 til prosjektet for 2018 og 2019. Budsjett er halde innanfor rammene, sjå vedlagte rekneskap.

**Budsjett pr. 30. august 2018:**

Utvikling av statleg tilsynskalender	
<i>Kostnader – 2018/2019</i>	<i>Sum (prosjektplan nr. 1.0)</i>
Prosjektleiing	150 000
Etablering av rammer for utvikling <sup>2</sup>	50 000
Utvikling og test	300 000
Opplæring	0
Reiser, samlingar, møter	100 000
<b>Totale kostnader</b>	<b>600 000</b>

**Budsjett pr. 18. juni 2019:** Prosjektet fekk innvilga frå KMD kr. 200 000 ekstra

Utvikling av statleg tilsynskalender	
<i>Kostnader – 2018/2019</i>	<i>Sum(prosjektplan nr. 1.4)</i>
Prosjektleiing (driftsbudsjett FMMR)	0
Etablering av rammer for utvikling <sup>[2]</sup>	50 000
Utvikling og test	500 000
Opplæring	0
Reiser, samlingar, møter	250 000
<b>Totale kostnader</b>	<b>600 000</b>
	<b>800 000</b>

---

<sup>[2]</sup> I dette ligg det, etablering av prosjekt, utarbeiding av endeleg plandokument og driftsmiljø

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

## 7 Milepælsplan

2018												
aktivitet	jan.	feb.	mars	april	mai	juni	juli	aug.	sept.	okt.	nov.	des
styringsgruppe								30				
prosjektgruppe								30	26		6 - 28	
2019												
aktivitet	jan.	feb.	mars	april	mai	juni	juli	aug.	sept.	okt.	nov.	des
styringsgruppe				25					25		27	
prosjektgruppe (PG)	30			25	29	12 Del av PG		20	25	30	23 - 27	
kontaktperson-samling		28		26							28	
møte m/ kontaktperson Fylkesmennene									6			
pilotering									x	x	x	

### 7.1 Møter – samlingar gjennomført

- Styringsgruppemøte 4 møter
- Prosjektgruppemøte 12 møter
- Kontaktpersonsamlingar 3 samlingar
- Eige møte med kontaktpersonar hos Fylkesmennene 1 møte

### 7.2 Milepælar gjennomført

Milepæl nr	Milepæl	Dato gjennomført
1	Prosjektablering	01.07.2018
2	Oppstartsfase	01.09.2018
3	Endeleg plandokument	01.09.2018
4	Utviklings- og testfase	01.09.2018 – 1.12.2019
5	Ekstra opplæring til Fylkesmannsembata	06.09. 2019
6	Piloteringsfase	26.08. – 1.12. 2019
7	Tilsynskalender produksjonssett	01.01.2020
8	Oppstarts- og læringsfase	2020

# Prosjektrapport 07.01.2020

## 8 VEDLEGG

### 8.1 Rekneskap

Skjermbilde: GL30		A6 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2019: FMMR Prosjekt				Side: 1
Brukere	Kode					dato
						07.01.2020 13:25:57
Prosjekt	Prosjekt(T)	Konto	Konto(T)	Kappost	Koststed	Regnskap
A42	Nasjonal tilsynsk5000	Fast ansatte		057121	1510	97 610,24
A42	Nasjonal tilsynsk5400	Arbeidsgiveravgift		057121	1510	14 243,39
A42	Nasjonal tilsynsk6450	Leie av biler		057121	1510	5 923,00
A42	Nasjonal tilsynsk6710	Konsulenttjenester til utvikling av program	057121	1510		500 000,00
A42	Nasjonal tilsynsk6790	Kjøp av andre fremmede tjenester	057121	1510		0,00
A42	Nasjonal tilsynsk6860	Møter eksterne		057121	1510	27 359,04
A42	Nasjonal tilsynsk6861	Møter interne		057121	1510	726,00
A42	Nasjonal tilsynsk6880	Kurs og seminarer for eksterne deltagere	057121	1510		36 640,08
A42	Nasjonal tilsynsk7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	057121	1510		6 721,76
A42	Nasjonal tilsynsk7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	057121	1510		97 436,70
A42	Nasjonal tilsynsk7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	057121	1510		12 186,50
A42	Nasjonal tilsynsk7151	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	057121	1510		1 135,00
A42	Nasjonal tilsynsk			057121		799 981,71
A42	Nasjonal tilsynsk					799 981,71
						799 981,71

### 8.2 Medverknad i prosjektet

#### Styringsgruppe

- **Rigmor Brøste, Fylkesmann, Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) - leiar**
- Jan-Gabriel Gabriel, Seniorrådgivar, Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Grete Teigland, Direktør, FMMR
- Helge Mogstad, Direktør, FMMR
- Alv Walgermo (går ut av styringsgruppa 1. mai 2019) Direktør, FMMR

#### Prosjektgruppe

- **Vigdis Rotlid Vestad, Seniorrådgivar, FMMR - leiar**
- Elin Røshol, Kommunikasjonsrådgivar, FMMR
- Frank Hofslundsengen, Seniorrådgivar, Fylkesmennenes fellesorganisasjon (FMFA)
- Bjørn Tore Årøy, Seniorrådgivar, FMFA
- Jostein Nordhus, rådgivar, Rådgivar, Fylkesmannen i Agder
- Sigrid Hynne, seniorrådgivar, Seniorrådgivar, Fylkesmannen i Trøndelag
- Fakra Butt, rådgivar, Fylkesmannen i Oslo og Viken
- Valborg Engan, seniorrådgivar, Arbeidstilsynet

# Prosjektrapport 07.01.2020

---

## Kontaktpersonar i Fylkesmannsembeta

- Åse Hansen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Fakra Butt, Fylkesmannen i Oslo og Viken (medlem av prosjektgruppa)
- Jostein Nordhus, Fylkesmannen i Agder (medlem av prosjektgruppa)
- Sigrid Hynne, Fylkesmannen i Trøndelag (medlem av prosjektgruppa)
- Jakob Nielsen Øien, Fylkesmannen i Troms og Finnmark
- Maren Skåden, Fylkesmannen i Rogaland
- Robert Isaksen, Fylkesmannen i Nordland
- Anette Musdalslien, Fylkesmannen i Innlandet
- Anne Kristin Eitungjerde, Fylkesmannen i Vestland
- Petter Lodden, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

## Kontaktpersonar blant dei andre tilsynsaktørane

- Gunnbjørg Kindem, DSB
- Knut Torget, DSB
- Ronny Jørgenvåg, Arbeidstilsynet
- Valborg Engan, Arbeidstilsynet (medlem av prosjektgruppa)
- Mathieu Veulemans, Miljødirektoratet
- Arve Slemdal, Utdanningsdirektoratet
- Marie Lilleløkken, IMDI
- Lars Elsrud, Kartverket
- Siri Bækkevold, Helsetilsynet
- Hallstein Husand, Datatilsynet
- Kjetil Reithaug, Arkivverket
- Hilde Bremnes, Mattilsynet
- Henning Harsem, Statens vegvesen
- Gry Hildre, Kystverket
- Jostein Støylen, Vestkontroll, kontrollutvalssekretariat
- Renate Borgmo, NKRF
- Anne-Karin Femanger Pettersen, FKT
- Therese Håkonsen Karlseng, KS
- Tor Harald Hustad, Møre og Romsdal fylkeskommune, kontrollutvalssekretariat